

Velkommen som videreutdanningsstudent ved Aktiv omsorg

Det er ei stor glede å ynskje deg velkommen som student på studiet Aktiv omsorg- bevegelse, naturopplevingar og deltaking (emnekode MT500 og MT501), ved Høgskolen på Vestlandet. Dette brevet inneheld nyttig informasjon til deg som student før studiestart.

Vi gler oss til studiestart og ser fram til lærerike samlingar.

Student ved HVL

Koronaviruset

Høgskolen på Vestlandet følgjer situasjonen tett og rettar seg etter råd og retningslinjer frå Folkehelseinstituttet og Utdanningsdepartementet til ei kvar tid. Sjå gjerne [informasjon om koronatiltak ved HVL](#) og [Retningslinjer for smittevern ved HVL](#).

Vi vil også oppfordre den enkelte student til å sjølv ta ansvar for å følgje råda til styresmaktene. Vi minnar om at god handhygiene, både hos sjuke og friske, er viktig for å hindre smitteoverføring. Vask hendene ofte og grundig med såpe og vatn. Handdesinfeksjon er eit godt alternativ dersom handvask ikkje er mogeleg.

Studiestart, timeplan og undervisning

Studiestart er **14.september kl. 13.15 på Campus Sogndal** i Høgskulebygget 1. etg., rom Ålfoten.

I [studieplanen](#) og [emneplanen](#) finn du læringsutbytte, arbeidskrav og eksamensform.

Undervisninga er lagt til veke 37, 40 og 44: tysdag- fredag.

Før studiestart vil det være lurt å kontrollere, at det med bakgrunn i Korona, ikkje har vorte endringar på timeplanen. Du vil finne timeplanen din [her](#), men eventuelle endringar vil meldast fortløpande i [Canvas](#).

Slik finn du timeplanen: Velg open *inngang HVL*, Timeplan haust 2021 Førde og Sogndal, søk studieprogramkode AKOM, marker AKOM 2021 haust, og trykk vis timeplan.

I løpet av første samlingsveke er det lagt opp til både innandørs og utandørs opplegg, så ta med klede også for tur.

Semesterregistrering

Du vil få tilsendt ein e- post eller sms med pinkode og informasjon om semesterregistrering på Studentweb tidleg i august. Les og følg oppskrifta for å registrere deg til undervisning og eksamen. Det er viktig at du gjer dette i god tid før oppstart, for å sikre deg tilgang til læringsplattforma Canvas. I studentweb finn du faktura for semesteravgift. Siste frist for semesterregistrering og betaling av semesteravgift er **28. september** (14 dager etter studiestart).

Dersom du ikkje ønsker å ta studiet likevel, ber vi deg ta kontakt med opptak@hvl.no så snart som råd.

Canvas

Høgskolen brukar e- læringssystemet Canvas aktivt til kommunikasjon og informasjon. Canvas blir brukt til administrativ og fagleg informasjon om studiet, innlevering av arbeidskrav, plan for samlingane, PowerPoint-presentasjonar, pensumliste, aktuelle meldingar m.m. Dersom Canvas er ukjent for deg, kan du få nyttige tips på [Canvas hjelpesider](#).

Kjekt å vite

Les om biblioteket sine tenester [her](#)

Bli kjend med din campus og studentlivet [her](#)

Vi oppfordrar deg til å bruke nettsida [FOR STUDENTER](#).

Her finn du utfyllande informasjon til den du har fått i dette brevet.

Lyst til å starte lesinga?

Pensum lista, som du etter kvart vil finne i Canvas, er delt inn med overskrifter, og den første veka er undervisninga relatert til litteratur under overskrifta «Fysisk aktivitet og folkehelse», samt ei økt knytt til «helse, rehabilitering og aktiv omsorg». Det er lett å tenkje at pensum lista er lang, men mykje er korte artiklar eller kapittel i bøker.

Det kan vere fint å begynne å lese litt pensum til emne MT 500 i sommar. Her er nokre anbefalingar:

- BOK: Helsefremmende samhandling: Natur og kultur som folkehelse (2017) av Gunnar Tellnes (red.), der kap. 1-8. 14 og 16 er pensum
- BOK: Fysisk aktivitet og helse - fra begrepsforståelse til implementering av kunnskap (2018) av Monica Klungland Torstveit (red.) der kap. 2 og 6-13 er pensum
- BOK: Folkehelse - en tverrfaglig grunnbok (2020) av Skille et al. der kap. 1, 2, 3 og 7 er pensum
- BOK: (Re)habilitering; terapi, tilrettelegging, verdsetting (2019) av Petter Koren Solvang. Kap. 1-3 er pensum
- Bokkapittel: The Significance of Salutogenesis and Well-Being in Mental Health Promotion: From Theory to Practice (kan laste ned frå pensumlista i Canvas).

Sjekkliste

Her er ei sjekkliste som kan hjelpe deg til å halde oversikt over det som må på plass før studiestart:

- [Aksepter studieplass](#)
- [Semesterregistrering](#)
- [Aktiver brukarkonto](#)
- [Logg deg på Canvas](#)

Spørsmål og kontakt

Under får du ei kort oversikt over kven som kan svare på kva.

Sentralbord	(+47) 55 58 58 00	post@hvl.no . Du kan også ta direkte kontakt med kvart campus .
Opptakskontoret	(+47) 55 58 58 50	opptak@hvl.no
Faglige spørsmål	E-POSTADRESSE	Anne.skaar@hvl.no
Praktiske spørsmål	E-POSTADRESSE	FHS-studierettleiar@hvl.no
IT-hjelp	(+47) 55 58 58 88	it-hjelp@hvl.no

Velkommen til Høgskolen på Vestlandet.

Med vennleg helsing

Anne Skaar
Programansvarleg/emneansvarleg

Bergljot Sundfør
Administrativ studierettleiar